

The background image shows a wide fjord with deep blue water. On either side are towering, steep mountains. The left mountain is partially covered in green vegetation, while the right one is mostly shrouded in white, billowing clouds. The sky above is a mix of bright blue and white.

Vertskapsfylket

med dugande folk,
tradisjon for verdiskaping
og kultur for samarbeid



Innhald

Innhald	2
Kraft gjennom samarbeid	3
Kvifor Vestland?	4
Vi har areal	6
Kraft- og eksportfylket	7
Landets leiande kraftfylke	8
Industrikultur med global konkurransekraft	9
Lang historie for industri og verdiskaping	10
Med ansiktet mot verda	11
Høgkompetent arbeidskraft	12
Mangfold og samarbeid for berekraftig nyskaping	13
Framtidsretta og nyskapande kunnskapsmiljø	14
Rik tilgang på arbeids- og kompetansekraft	15
Pådrivar for elektrifisering og grøn omstilling	16
Attraktiv bu- og arbeidsregion	17
Fjord, fjell og folkefest	18

Kraft gjennom samarbeid



Vestland er hav, fjord, fjell og dyktige menneske. Folk som gjennom årtusen har levd med og av ressursane som landsdelen og naturen gir oss. Folk som set seg mål saman, og som ikkje gir seg før jobben er gjort. Folk som tek vare på kvarandre og miljøet rundt oss. Folk som tek ansvar for arbeid, kunnskapsutvikling og verdiskaping. Folk som trivst i ein region rangert som eit av dei fremste turistmåla i verda.

Vestland fylkeskommune har sett seg krevjande framtidsmål. Vi skal bli et nullutslepps fylke, og vi skal utvikle den leiande verdiskapingsregionen. Dette skal vi få til gjennom samarbeid mellom våre framifrå kunnskapsmiljø, eit mangfaldig og ambisiøst næringsliv og politikarar med kunnskap og kultur for å ta avgjerder som sikrar gode løysingar for oss alle. Fylkeskommunen jobbar etter målretta planar på kritiske felt; skule, transport og tilgjengelegheit. For å skape eit fylke som gjev gode høve for liv, arbeid, verdiskaping og trivnad.

Vestlendingen er ikkje redd for forandring og omstilling.

- Kunnskap om hav og fisk har gitt grunnlag for havbruk og oppdrettsnæring, som har vorte ei av dei største eksportnæringane våre.

- Verftsindustri, marin kompetanse og forståing av hav og undergrunn var føresetnader for å bygge opp ei olje- og offshorenæring, som i dag er leiande i verda.
- Verdas første elektriske ferje la i 2014 ut på si første av eit utal reiser over Sognefjorden. Samspelet mellom ein fylkeskommune som stiller krav og modige reiarlag og teknologiverksemder er naudsynt for at vi skal lukkast på den store reisa. Ferda mot utsleppsfree transport på sjø og land.
- Vestland fylke er suverent størst på vasskraftproduksjon i landet. Vestlendingen har i meir enn 150 år bygt industri og skapt store verdiar av vasskrafta i fylket.
- Vi er klare for å ta nye tak saman når verda endrar seg. No spelar miljøa i Vestland saman om verdas første store prosjekt for CO₂-lagring under havbotnen.

Røynsle frå kraftkrevjande industrireising, metallurgisk produksjon for verdemarknaden, samspel med og store industrielløft i oljesektoren er viktig når vi legg planar for framtidas berekraftige næringsverksemd. Vi har areal, vi har vasskraft

og vatn, og vi har menneske med kunnskap og evne til å løfte i lag. Og vi har kultur for å spele saman lokalt og arbeide i lag med internasjonale verksemder.

Det er med samarbeidskraft og framtidstru vi no vil vise kvifor Vestland fylke er det beste vertskap for battericelleproduksjon i verdklasse.

Jon Askeland
fylkesordførar

Kvifor Vestland?



Kraft- og eksportfylket

Vestland er Noregs største kraft- og eksportfylke med lang industrihistorie



Høgkompetent arbeidskraft

Universitet, høgskular, fagskular og forskingsinstitutt i tett samarbeid med industri sikrar høgkompetent arbeidskraft



Attraktiv bu- og arbeidsregion

med flott natur, kulturtilbod, fritidsaktiviteter og næringsmiiks

- Stor tilgang på kompetanse frå prosess-industri, metallurgi og leverandørindustrien
- Omfattande industrikultur og -historie
- Velutvikla infrastruktur og potensial for å realisere sirkulære forretningsmodellar
- Noregs største eksportfylke med lange tradisjonar for internasjonal samhandling
- Kystlinje og havner – strategisk posisjonert for logistikk
- Infrastruktur og god tilgjengeleghet internasjonalt
- God tilgang på næringsareal
- Breitt samarbeid mellom det offentlige og private for å realisere nullutslepp og energiomstilling
- Bergen – eit pulserande sentrum for handel, tenester og byopplevelingar
- Alltid nær natur og turistattraksjonar i verdstoppen
- Sterke kunnskaps- og næringsklynger



11 %
av norsk verdiskaping

306 milliardar kr i 2019

17 %
av nasjonal
fastlandsekspорт

73 milliardar kr i 2019

16 %
av norske studentar

45 000 studentar i 2019

12 %
av den norske
arbeidsstyrken

317 000 sysselsette i
Vestland i 2019

23 %
av norsk
kraftproduksjon

31 000 GWh i 2019


Kjelder: «Vestlandsscenarioene 2020» av EY, tilgj. frå
<https://bit.ly/3qbEHf> og SSB tabellar 07984, 08308, 10482.



Vi har areal

Kommunar i Vestland med lokaliseringskandidatar for batterifabrikken.

Alver/ Austrheim
Askøy
Bjørnafjorden
Bremanger
Gulen/ Masfjorden
Kinn
Kvinnherad
Sunnfjord
Voss
Øygarden




Kraft- og eksportfylket

Vestland er Noregs største
kraft- og eksportfylke med
lang industrihistorie

Landets leiande kraftfylke

Produksjon av elektrisk kraft (GWh) i 2019



Kjelde: SSB tabell 08308.

«BKK har sammen med Statnett vært garantisten for Vestlands energisystem i 100 år og vi engasjerer oss for å legge forholdene til rette for ny industrietablering i regionen. Vi tar vår del av ansvaret for at Vestland skal lykkes i den grønne omstillingen.»

Jannicke Hilland, konsernsjef i BKK




«Kraftsystemet i Sogn og Fjordane produserer tre gonger så mykje kraft som ein brukar. Vi har kraft for etablering av ny storindustri og vil leggje til rette for ein trygg og sikker kraftforsyning til ny industri i området.»

Asgeir Aase, Konserndirektør Nett i Linja AS (Sogn og Fjordane Energi)

Industrikultur med global konkurransekraft


Vestlendingens kultur er open for impulsar utanfrå, tiltakslyst og røynsle frå internasjonal kontakt og samhandling. Gjennom handel, skipsfart og industriutvikling har vi lært å setje høge mål, samarbeide på tvers av kulturar og lukkast i internasjonal konkurranse.

Norsk vareeksport i 2020 etter produksjonsfylke (mill. kr)




Kjelder: SSB tabell 10482 og «Vestlandsscenarioene 2020» av EY, tilgj. frå <https://bit.ly/3qbEHfl>.

Vareeksport frå Vestland etter varegruppe (2020)




Sysselsette i utvalde eksportretta næringer (2018)



Lang historie for industri og verdiskaping





Med ansiktet mot verda



Bergen lufthavn Flesland er eit sentralt trafikknutepunkt for Bergensregionen og Vestlandet. Andre lufthamner i Vestland er Florø, Førde, Sogndal, Stord og Sandane. Flesland har 70 direkteruter, 29 av dei internasjonale (ikkje medrekna charter). I 2019 blei det frakta 7 millionar flypassasjerar til og frå flyplassar i Vestland.



Det blei frakta meir enn 50 millionar tonn gods til og frå store hamner i Vestland i 2019 og $\frac{3}{4}$ gjekk til og frå utanlandske hamner. I tillegg har mange store industriverksemder eigne kaianlegg. Det er over 100 ISPS-hamner i Vestland.



Meir enn 1,2 millionar tonn gods gjekk på Bergensbana (Bergen–Oslo) i 2017. I 2024 opnar landets første utsleppsfree godsterminal på Nygårdstangen i Bergen med meir enn dobla kapasitet.

Kjelder: SSB tabellar 08507, 10916, Avinor, Bergen Havn, Rapporten "Godstransport på Vestlandet" fra Statens Vegvesen og BANENOR



Høgkompetent arbeidskraft

Universitet, høgskular, fagskular og forskingsinstitutt i tett samarbeid med industri sikrar høgkompetent arbeidskraft

Mangfold og samarbeid for berekraftig nyskaping



«Vestland har ledende næringsklynger som tilbyr et sterkt og pulserende innovasjonsøkosystem med et stort internasjonalt nettverk. Dette gir tilgang til sterke teknologiske kompetanse- og forretningsutviklingsmiljøer og et internasjonalt eksportrettet næringsliv som en batterifabrikk kan kapitalisere på.»



Owe Hagesæther,
Administrerande direktør i
GCE Ocean Technology

Framtidsretta og nyskapande kunnskapsmiljø

«Universitetet i Bergen er eit forskingsuniversitet med høg kompetanse i ei stor vifte av fag. Vi femnar både basalforskning og utdanning som er relevant for energiomstilling, energilagring og batteriteknologi. Vi er godt førebudd på samspel med framtidas berekraftige næringar.»

Margareth Hagen, konst. rektor ved Universitetet i Bergen.
Universitetet i Bergen (UIB) har om lag 18 500 studentar.



«Strategi, økonomi og ledelse er kjernen i vår forskning og utdanning. For å løse morgendagens utfordringer, har vi i de senere årene styrket satsingen på teknologi, bærekraft og innovasjon.»

Øystein Thøgersen, Rektor ved Norges Handelshøyskole (NHH)
Norges Handelshøyskole (NHH) har 3600 studenter og 400 ansatte.



«Høgskulen er godt plassert i Vestland med fem campusar i fylket. Samstundes har vi utsyn mot verda og eit aktivt samarbeid med næringsliv. Det grøne skiftet er sentralt i alle våre studium og forskingsprogram.

Vi ønskjer ein ny batterifabrikk svært velkommen til Noregs største kraft- og eksportregion, ei levande klynge for grøn omstilling. Vi vil gjøre vårt beste for å vidareføre eit sterkt kunnskapssamarbeid.»

Gunnar Yttri, rektor ved Høgskulen på Vestlandet
Høgskulen på Vestlandet (HVL) har 17 000 studentar, fordelt på fire lokasjonar i Vestland og ein i Rogaland.



«Fagskulen har eit tett samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv, og utdanningane er tilpassa arbeidslivet.


Fagskulen i Vestland samarbeider med Corvus Energy AS i EU-prosjektet ALBATTs – Alliance for batteries technology, training and skills – for å sikre utdanning av kompetent arbeidskraft til batteriproduksjon.»

Torbjørn Mjelstad, rektor ved Fagskulen i Hordaland og prosjektrektor for Fagskulen i Vestland
Fagskulen i Vestland er den største offentlege fagskulen i landet med om lag 1600 studentar og 9 studiestader.




Rik tilgang på arbeids- og kompetansekrift

Sysselsette i utvalde yrke i Vestland (4. kvartal 2019)



- Vestland har meir enn 320 000 sysselsette busett i fylket.
- 176 000 har høgare utdanning og 17 000 fagskuleutdanning.
- 57 500 sysselsette i dei mest industriretta yrka.



«Realisering av en batterifabrikk i en region med sterkt kompetanse og naturgitte fortrinn vil ha store ringvirkninger for arbeidsplasser, verdiskaping, kompetanseutvikling og vil gjøre oss i stand til å ta et viktig steg i retning av å nå klimamålene.»

Grete Karin Berg, regiondirektør NHO Vestlandet
på vegne av 3 400 medlemsverksemder



«Vestland fylke har ein mangfaldig næringsstruktur og bedrifter med høg kompetanse, omstillingsevne og eit internasjonalt ambisjonsnivå. Næringslivet på Vestlandet har dei beste føresetnader for å støtte opp under etableringa av ein batterifabrikk og berekraftige verksemder.»

Marit Warncke, styreleiar i Næringsalliansen i Vestland på vegne av 15 næringsforeningar



«LO Vestland organiserer om lag 100 000 kreative, lærevillige og omstillingsdyktige mennesker. Vi står klare til å bygge ny, bærekraftig industri i fylket vårt.»

Roger Pilskog, regionleiar i LO Vestland
på vegne av 100 000 medlemmar

Kjelder: Førebelse tal frå Kunnskapsgrunnlag kompetanse 2020 levert av SSB og SSB tabellar 08921, 07984.



Fylkeskommunen har sett seg mål om at Vestland skal ta ei leiande rolle for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

Pådrivar for elektrifisering og grøn omstilling

- Verdas høgaste andel elbilar av den totale bilparken
- Verdas høgaste marknadsandel av elbilar i nybilsalet (70 % i Q4 2020)
- Verdas høgaste konsentrasjon av låg- og nullutsleppskip. 31 elferjer går no i rute i Vestland
- Verdas største anbod på låg- og nullutslepp hurtigbåtar i 2021
- Vedtak om nullutsleppdrosjer frå 2024
- Ambisjon om å bli blant dei første i verda med rutegåande elektriske fly
- Alle rutebussar i oppdrag for fylkeskommunen er fossilfrie i bergensområdet, deriblant 112 elektriske bussar
- Verdas leiande næringsklynge på lågutsleppsteknologi for sjøfart
- Northern Lights – Verdsleiande verdikjede for transport og lagring av CO₂



Attraktiv bu- og arbeidsregion

...med flott natur, kulturtild, fritidsaktivitetar og næringsmiks



Fjord, fjell og folkefest

Vestland med fjord og fjell er eit av verdas fremste turistmål. Vestlendingane gler seg også over å bu og arbeide i ein region med eit rikt natur- og aktivitetstilbod. Folk i Vest har evne til å gle seg saman og inkludere nye menneske når det vert invitert til folkefest.



"Vi jobber i et globalt marked. For å lykkes er vi avhengig av å få tilgang til de beste folkene. I Vestland har vi verdensledende applikasjonskompetanse og vi arbeider i et samfunn som er attraktivt å bo og leve i. Det er avgjørende for unge, dyktige menneske."

Geir Bjørkeli, CEO Corvus Energy



vestlandfylke.no